

# MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Råd:	<b>Stord sokneråd</b>
Tid:	<b>Tysdag 27.mai 2025 Kl. <u>19.00 – 21.00</u></b>
Møtestad:	<b>Kyrkjekontoret (Sæ 21)</b>
Opning:	<b>Dag Kjetil Lægreid</b>

**Til stades:** Leif Steinar Alfsvåg, Anders Dahl, Sigrid Beate Eskeland, Kirsti Angvik Frugård, Knut Johannes Gram, Jørgen Knudsen, Randi Agnetha Nysæter, Dag Sele, Dag Kjetil Lægreid (1. vara) og Åslaug Nag (vara)

**Forfall:** Magne Andresen

## SAKLISTE

### 2025/25 - 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Vedtak:** Godkjent

### 2025/26 - 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte

**Vedtak:** Godkjent

### Orientering frå AU om saker vedteke på fullmakt

Ingen saker

### 2025/23 - 023 Plan for soknet 2025-2026

Drøfting av plan for skuleåret 2025-2026 med særleg vekt på satsingar.

Framlegg til satsingar er utarbeidd av AU. Desse vert drøfta i møtet med utgangspunkt i brosjyren.

*Moment frå samtaLEN:*

- Soknerådet meiner AU har laga eit godt utgangspunkt som famnar bredt. Kan me og bør me famne endå breiare?
- Gudstenesteliv: Me har tidlegare hatt overskrifta «Full kyrkje, takk» og opplever denne som litt krass i formuleringa. Kan me formidla ei meir positiv oppmoding? Diskusjon om me ønsker å fokusere på fleire til gudsteneste eller meir fellesskap? Kan me bruke «eit veksande gudstenestefellesskap» som formulering?
- Endre første kulepunkt under ungdom (mm) til å vere «Vidareutvikle tenesta inn mot ungdom og studentar saman med spesialprest Runar Larsen».
- Forslag om nytt punkt om arbeid inn mot flyktningar. Kyrkja har allereie noko arbeid inn mot dette gjennom samarbeid med IKF, men det kan kanskje styrkast eller knyttast nærmare på anna arbeid i kyrkja. (Her var det og nemnt at Bjørgvin har ein relevant konferanse om dette 25.-27.sept der ein bør vurdere å sende representantar. Kjetil Eldøy var nemnt som aktuell ut frå engasjement i IKF og kyrkja).
- Ønskje om å tydeleggjere korleis kvar overskrift er knytt til eit utval.
- Ønskje om å ta inn eit konkret punkt om kyrkjemusikk under overskrifta for gudstenesteliv, som fokuserer på at vi ønsker at kyrkjemusikken skal styrke gudstenestene. Kan og med fordel nemne bl.a. jazz- og korgudsteneste.
- To av punkta under gudstenesteliv fokuserer på deltaking. Kan me slå saman desse?
- Bra at nokre av punkta er konkrete og målbare, samstundes som andre meir formidlar verdiar vi ønsker bygge opp under i arbeidet.
- Det vart og diskutert om ein burde ta endeleg versjon opp til ny behandling i første møte til hausten, men dette vart valt bort for å oppnå fordelen med å kommunisere satsingane allereie før sommaren. Oppdatert utkast vert formidla på e-post til rådsmedlemmene for å kunne gi ytterlegare innspel.

**Vedtak:**

Soknerådet gir AU fullmakt til å arbeide vidare med formuleringane for skuleåret 2025-2026, justert etter innspel som vart diskutert i møtet.

Soknerådet ber leiar oppdatere Kyrkja Vår basert på satsingane i informasjonsbrosjyra.

# MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

## 2025/27 - 361 Ungdomsår 2025-2026

Oppfølging av tema frå førre soknerådsmøte. Fokus på diskusjon om etablering av eit eventuelt ungdomsråd/referansegruppe med ungdommar. Kva vil me med ei slik gruppe – og har me aktuelle kandidatar som kan spørjast så me kan starte allereie ved semesterstart?

**Moment frå samtaLEN:**

- Ønskje om å få med 2 fjaråskonfirmantar (2024-2025), desse kjenner Solbjørg/Runar.
- Ønskje om å få med 2 konfirmantar (2025-2026), desse veit Solbjørg/Runar kven er.
- Ønskje om å få med 2 frå KRIK, desse kjenner Brynhild M. Stautland.
- Ønskje om å få med 2 frå unge vaksne, desse kjenner Sigrid T. Langøy.
- Diskusjon om kor ei slik gruppe bør forankrast og følgjast opp. Ikkje heilt klart.
- TOL-utvalet planlegg møte i juni og Sigrid Eskeland kan ta med denne saka dit for å høyre om dei har innspel til konkrete namn.

**Vedtak:** Soknerådet ber trusopplæringsutvalet om å følgje dette opp og lete etter aktuelle kandidatar. Rådet oppmodar til å ta med Runar Larsen i behandlinga av denne saka.

## 2025/28 - 121 Økonomioppfølging for Stord sokn

Soknerådet har ikkje fått noko oppdatering frå administrasjonen om økonomisk status sidan 31.desember 2024 og har såleis ikkje noko styringsinformasjon ift inntekter og utgifter i år. Kyrkjesta Fredheim har sidan uke 9 ikkje motteke oversikt over innbetalingar på givartenesta eller innbetalingar frå soknet, jfr referat frå deira styremøte. Sidan økonomistyringa går via kommunen sine system har soknerådet heller ingen moglegheit til å overta nokre av desse oppgåvane på frivillig basis.

**Vedtak:**

Soknerådet ber leiar formidle ei bekymring til fellesrådet over at økonomioppgåvane ikkje vert løyste, og å gjere oppmerksam på at konsekvensen er at soknerådet ikkje har styringsinformasjon ift soknet sin økonomi og dermed ikkje fullt ut kan ivareta forvaltningsrolla si.

## 2025/29 - 012 Møteplan hausten 2025 vedtatt.

Forslag til møtedatoar for soknerådet hausten 2025:

AU:	Soknerådsmøter:
21.aug	tirs 2.sept kl 19-21
23.sept	tors 2.okt kl 19-21
21.okt	tors 30.okt kl 17-21 (Merk tida, utvida samling)
18.nov	tors 27.nov kl 19-21
6.jan (2026)	tirs 13.jan (2026) kl 19-21

Andre viktige datoar:

Laurdag 13.september – Medarbeiderdag med stab og råd («Døgnet-dag»)

Torsdag 16.oktober – Prostidag (truleg i Nysæter kyrkje)

24.-26.oktober – Kyrkjelydsleir på Brandøy

## 2025/29 - 012 Sommerfullmakt

Neste soknerådsmøte er etter sommaren og rådet brukar å gje ei utvida fullmakt til AU for å kunne handtere saker gjennom sommarferien som ikkje kan vente til rådet samlast igjen.

**Vedtak:**

Stord sokneråd gjev arbeidsutvalet fullmakt til å gjera vedtak på vegne av soknerådet, fram til første soknerådsmøte etter sommarferien. Fullmakta er avgrensa til saker som soknerådet etter gjeldande lover og reglement har høve til å delegera. Vedtaka skal leggjast fram for soknerådet i første møte etter sommarferien

# MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

## Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

1. «Kva skjer i kyrja vår»? Orientering ved sokneprest  
Travel månad. Konfirmasjonsgudstenester.  
Positive tilbakemeldingar på 17.mai gudstenesta med diakonal profil.
2. Orientering frå fellesrådet v/Dag og Knut  
Mykje fokus på økonomi  
Omlegging av det datatekniske  
Utlysing av stillingar innan administrasjon og trosopplæring  
Ny kyrkjetenar i Stord kyrkje ila sommaren, avslutning for Marta 6.juli.
3. Orientering vedr. kyrkjelydshus og innspel til kommuneplanen
4. Innspel frå utvala
  - Trosopplæringsutvalet
    - skal ha møte i juni for å diskutere meir om hausten.
    - diskusjon i møtet rundt korleis ein tenkjer om ressurssituasjon og utvalet sine oppgåver. Ein må leggje til grunn at det framleis vil vere ressursmangel ved oppstart hausten, og tilsette har meldt at dei vil fokusere på konfirmasjon, babysong og pølsefest.
    - Utvalet kan melde til soknerådet dersom ein meiner tilsette bør prioriterast på andre oppgåver (t.d. om ein ser frivillig-ressursar der ein i dag bruker tilsette).
    - Utover dette vert det opp til utvalet å finne ut av kva tiltak ein kan gjennomføre og korleis (t.d. kva frivillige ein kan få med for å løyse dette).
  - Kyrkjelivsutvalet
    - hatt innspelsmøte med få deltagarar, invitert til søndagsmiddag med liten respons. Ser litt på kveldssamlingar til hausten. Dansemesse. Musikk-meditasjon. Mest fokus på Kyrkjelydsleiren i oktober. Oppmodar sokneråd til å delta og nokre frå staben. Alle må hjelpe til med marknadsføringa.
  - Gudstenesteutvalet
    - ulik profil på gudstenestene oppfattast positivt – når ut til mange på denne måten.

Anders Dahl  
soknerådsleiar

Kirsti Frugård  
referent